

«MottakerNavn»  
«Kontakt»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»

Vår ref  
2021/602-2

Dykkar ref  
«Ref»

Saksbehandler  
Øyvind Pedersen

Dato  
11.03.2021

## Varsel om start av reguleringsplanarbeid for Loar skule.

I samsvar med plan- og bygningslova, §12-8, blir det varsle om at Lom kommune startar opp arbeidet med reguleringsplanarbeid for Loar skule. Skulen har ønske om at det må skje ei planendring med omsyn til gang- og sykkelvegar som går tvers gjennom skuleområdet.

Skulen meiner at det er uheldig at det er trafikk av andre gjennom skuleområdet. Det er især vist til at syklistar kan ha god fart gjennom området, at mange folk går gjennom området med hundar og det har også vore trafikk med hest. Dei viser til at det er eit sikkerheitsaspekt ved dette i forhold til potensiale for ulukker, og også eit problem i forhold til forsøpling og etterlatenskaper frå dyr. Ein har også opplevd at turistar kjem å vil fotografere og nytte skuleområdet som leikeplass. Frå skulen si side er det ikkje ønskjeleg med "uvekommande" i skuleområdet i skuletida, og dei har ønske om at skuleområdet der ungane leikar seg, skal vere avsperra med gjerde.

Skuleområdet ligg innafor reguleringsplan for Brubakken (PlanID 5140072) vedteke i 2018, og i planen er "vegane" gjennom skuleområdet regulert som gang- og sykkelvegar.

Med omsyn til trafikktryggleik, er det viktig å oppretthalde eit godt gang- og sykkelvegnett på Fossbergom, og i sær med omsyn til å ha trygge skulevegar. Det er også viktig at eventuell nedlegging av offentlege gang- og sykkelvegar, ikkje må medføre at det blir særleg lengre veg å gå/sykle og meir tungvindt å ta seg fram.

Ytterlegare opplysningar går fram av behandling av sak om oppstart av reguleringsplanarbeid i Samfunnsutvalet 15.02.21 og 23.02.21 i Formannskapet (planutval) som er vedlagt.

Kommunen vil gjennomføre planarbeidet i eigen regi. Planarbeidet blir utført som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Kommunen har vurdert at planarbeidet ikkje utløysar krav om konsekvensutgreiing.

Planavgrensinga er vist på vedlagte kart som var vedlegg ved den politisk behandlinga ved vedtak om oppstart av planarbeidet. På dette er det også skissert mogeleg forslag til omlegging av gang- og sykkelvegen innan skuleområdet. Planen er kalla "Reguleringsplan for Loar skule" og med PlanID 34340004. Planavgrensinga er innlagt i digitalt planregister, og kan mellom anna sjåast i kommunen si kartinnsynsløysing.

Vedlagt er også planavgrensing og innlagt på gjeldande reguleringsplankart for Brubakken og gjeldande planføresegner.

**Postadresse:**

Sognefjellsvegen 6  
2686 LOM

**Besøksadresse:**

Sognefjellsvegen 6

**Org.nr:** 959377677

**Heimeside:** [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no)  
**E-post:** postmottak@lom.kommune.no

**Telefon:** 61217300

**Bankkonto:** 20850700010

Plandokumenta kan også sjåast på lom kommune si heimeside ([www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no)).

Kommentarar/innspeil til planarbeidet sendast til pr. brev eller på e-post til Lom kommune, Sognefjellsvegen 6, 2686 Lom, e-post: [post@lom.kommune.no](mailto:post@lom.kommune.no). Merk sendinga med sak nr. 2021/602.

*Brevet er elektronisk og vert sendt utan signatur*

Med helsing

Øyvind Pedersen

Plan, byggesak og miljø

Vedlegg

- 1 Kart med planavgrensing Loar skule
- 2 Sakspapir politisk behandling av oppstartsvarsel
- 3 Planavgrensing på utsnitt av regplankart
- 4 Førersegner Brubakken (gjeldande plan)
- 5 Planskjema Loar skule: Oppstart

**Interne høyringspartar:**

Lom kommune Eldrerådet v/Arve Nørjordet

Lom kommune Ungdomsrådet v/ Herdis Kvamme Repp

Lom kommune FAU v/Kristin Volden Mundhjeld

Lom kommune Råd for personar med funksjonsnedsetting v/Liv Marianne Larsen Skjelden

Lom kommune Barnrepresentant v/ Marit Øyjordet Rossehaug